

Agder Sekretariat KO

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

Til kontrollutvalets medlemmar:

Olav Mandt (leiar), Tor Hallvard Mosdøl (nestleiar), Ingrid Helle (medlem), Anne Blix Grimestad (medlem), Geir Anders Breive (medlem)

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Tid/stad: Onsdag 4. februar 2026 kl. **09.00**, møterom kommunestyresalen

SAKSLISTE

SAK 01/26 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 12.11.25
SAK 02/26 KONTROLLUTVALET'S ÅRSMELDING 2025
SAK 03/26 ETTERLEVINGSKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA
SAK 04/26 UAVHENGIGHETSERKLÆRINGAR FRÅ REVISOR
SAK 05/26 ENDELEG INNBERETNING MISLIGHETSSAK
SAK 06/26 REVISOR ORIENTERAR

Orientering

Administrasjonen er invitert frå starten av møte for å orientera om:

- kulvert Rv9, med fokus på historikk og formalitetar i saka, vedtak som er gjorde, og kva for økonomiske forpliktingar som ligg føre.

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalet:

Eventuelt

Referatsak

Ref. 01/26 Tilsynsrapport Statsforvalteren – tilsyn med integreringslova
Ref. 02/26 Innkalling representantskapsmøte Setesdal Brannvesen IKS (eige vedlegg i epost)
Ref. 03/26 Protokoll representantskapsmøte Setesdal Brannvesen IKS (eige vedlegg i epost)

Bykle, 28. januar 2026

Olav Mandt
Leiar

Inger Lise Austrud

Eierkommuner:
Bygland, Bykle, Evje og Hornnes,
Farsund, Flekkefjord, Hægebostad,
Iveland, Kvinesdal, Lindesnes,
Lyngdal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Willy Gill
Telefon: 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Rådgiver Inger Lise Austrud
Telefon: 91 86 99 75
E-post: inger.lise.austrud@asekretariat.no

Agder Sekretariat
Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Utvalssekretær

Forfall og inhabilitet bes meldt til Inger Lise Austrud, tlf. 918 69 975 / ila@asekretariat.no
Kopi til: Ordfører, kommunedirektør, revisor, Bykle kommune, Setesdølen

Agder Sekretariat KO

Kontrollutvalet i Bykle kommune

Sak 01/26

Møtedato: 04.02.26

Sakshandsamar: ILA

SAK 01/26 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 12.11.25

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 12.11.25

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 12.11.25 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 12.11.25 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

BYKLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr. 05/25

Dato: 12.11.2025 kl. 09.00 – ca. kl. 10.30

Stad: Bykle rådhus, kommunestyresalen

<u>Til stades:</u> Olav Mandt, leiar Tor Hallvard Mosdøl, nestleiar Peik Bachmann, varamedlem Geir Anders Breive, medlem Anne Blix Grimestad, medlem <u>Forfall:</u> Ingrid Helle, medlem	<u>Andre til stades (heile eller deler av møtet):</u> Agder Kommunerevisjon IKS v/ Maren Stapnes, Tor Ole Holbek og Torjus Finstad Ledaal Agder Sekretariat KO v/ Inger Lise Austrud
--	---

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

SAKSLISTE

SAK 19/25	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 17.09.25
SAK 20/25	OVERORDA REVISJONSSTRATEGI 2025 BYKLE KOMMUNE
SAK 21/25	KONTROLLUTVALET'S ÅRSPLAN 2026
SAK 22/25	PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJON «SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP»
SAK 23/25	VALGT OMRÅDE FOR ETTERLEVINGSKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA
SAK 24/25	PROSJEKTPLAN EIGARSKAPSKONTROLL OG FORVALTNINGSREVISJON SETESDAL BRANNVESEN IKS
SAK 25/25	ENDELEG INNBERETNING MISLIGHETSSAK – ettersendt
SAK 26/25	REVISOR ORIENTERAR

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalet:

Eventuelt

Underskrift

Olav Mandt
Leiar

Kopi av møteboka sendes: Ordførar, kommunedirektør, revisor, Bykle kommune, Setesdølen

SAK 19/25 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 17.09.25

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. *Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 17.09.25 vert godkjent.*
2. *Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen*

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 17.09.25

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 17.09.25 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 17.09.25 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

SAK 20/25 OVERORDA REVISJONSSTRATEGI 2025 BYKLE KOMMUNE

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek overordna revisjonsstrategi 2025 for Bykle kommune til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Overordna revisjonsstrategi 2025 frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 15.09.25

Bakgrunn for saka:

I følge kommunelova § 23-2, 1.ledd bokstav a, skal kontrollutvalet sjå til at kommunens rekneskap vert revidert på ein betryggande måte.

I forskrift om kontrollutval og revisjon §3 står det at kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og mellom anna sjå til at:

- a) *kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) *regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*

Orientering om den overordna revisjonsstrategien og revisjonen si risikovurdering er eit viktig ledd i kontrollutvalet sitt arbeid med å følgje opp påseansvaret overfor rekneskapsrevisor.

Den overordna revisjonsstrategien omfattar heile kommunen og beskriv formålet med revisjonen, ei førebels vurdering av risiko, kommunen sin økonomiske situasjon, informasjon om risikostyring og økonomisk internkontroll, fastsetjing av vesentlegheitsgrense, samt revisjonsplan. Strategien fungerer som det overordna planleggingsdokumentet for gjennomføringa av rekneskapsrevisjonen.

Revisjonen vil presentere strategien i møtet og svare på eventuelle spørsmål frå utvalet.

Vurderingar:

Formålet med kontrollutvalet si handsaming av den overordna revisjonsstrategi er å sikre at utvalet tek vare på sitt ansvar for å sjå til at revisjonen av kommunen sitt rekneskap vert gjennomført på ein forsvarleg måte.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek overordna revisjonsstrategi 2025 for Bykle kommune til orientering.

SAK 21/25 KONTROLLUTVALETS ÅRSPLAN 2026**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Framlegg til kontrollutvalets årsplan for 2026 vert vedteke.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Framlegg til årsplan for 2026

Bakgrunn for saka:

Det er etablert ein praksis med å utarbeide ein årsplan for kontrollutvalet.

Sekretariatet har laga eit forslag til årsplan som blir lagt fram for godkjenning i utvalet.

Årsplanen skal ikkje forståast som ei fullstendig oversikt over alle oppgåver og saker som kontrollutvalet vil handsame i løpet av året, men legg vekt på dei oppgåvene utvalet etter lov og forskrift er pålagt å handsame. I tillegg til dei faste sakene kan det i løpet av året oppstå førespurnader og problemstillingar som vert drøfta i utvalet.

Kontrollutvalet blir oppmoda om å kome med innspel til planen, og blir bedne om å vurdere eventuelle orienteringar.

Framlegg til vedtak:

Framlegg til kontrollutvalets årsplan for 2026 vert vedteke.

**SAK 22/25 PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJON
«SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP»**

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet «Samfunnssikkerhet og beredskap» basert på dei problemstillingane som går fram av prosjektplanen og innanfor kontrollutvalet si budsjettramme.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Framlegg til prosjektplan frå Agder Kommunerevisjon IKS, datert 04.11.25

Bakgrunn:

Kontrollutvalet bestilte i møtet 17.09.2025 gjennomføring av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt med temaet «Samfunnssikkerheit og beredskap». Agder Kommunerevisjon IKS har utarbeidd eit framlegg til prosjektplan som kontrollutvalet må ta stilling til.

Fyrste steg i prosjektet er å utarbeide ein prosjektplan som nærare gjer greie for bakgrunnen for prosjektet, problemstillingane, revisjonskriteria og metoden.

Revisor foreslår følgjande problemstillingar i den framlagde prosjektplanen:

- *Har Bykle kommune gjennomført en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse og utarbeidet en overordnet beredskapsplan som er i tråd med lovverket og nasjonale veiledere?*
- *Blir beredskapsarbeidet i Bykle kommune fulgt opp i samsvar med lovverket og nasjonale veiledere?*

Det viktigaste er å vurdere om problemstillingane samsvarer med kontrollutvalet sine ønskje når det gjeld kva ein vil få svar på gjennom dette prosjektet.

Vurderingar:

Revisjonen tek sikte på å leggje fram rapport frå prosjektet for kontrollutvalet hausten 2026.

For nærare detaljar og avgrensingar blir det vist til framlegg til prosjektplan og til forvaltningsrevisor si presentasjon av prosjektplanen i møtet.

I samråd med forvaltningsrevisor vil det vere mogleg å gjere eventuelle justeringar i prosjektplanen dersom utvalet ønskjer det.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS om å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet «Samfunnssikkerhet og beredskap» basert på dei problemstillingane som går fram av prosjektplanen og innanfor kontrollutvalet si budsjettramme.

SAK 23/25 VALGT OMRÅDE FOR ETTERLEVINGSKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek risiko- og vesentlighetsvurderinga for forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga i Bykle kommune til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Risiko og vesentlighetsvurdering for forenkla etterlevingskontroll frå Agder Kommunerevisjon IKS, datert 14.10.2025

Bakgrunn for saka:

I kommunelova § 24-9 står det følgande om revisors oppgåve:

Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.

Saksframstilling:

Ansvar for oppgåva ligg hjå rekneskapsrevisor, og lova legg opp til at det skal utarbeidast ein uttale basert på arbeid med moderat grad av sikkerheit.

Det går fram av risiko- og vesentlighetsvurderinga at revisor, etter ei samla vurdering har valt ut området vedtak på særskilt tilrettelagte bustader som tema for kontrollen.

Revisor vil sjå på etterleving av følgande forhold:

- *Har kommunen en oversikt over boliger med utleie til helse- og sosialformål*
- *Har kommunen gyldige enkeltvedtak på tildeling av bolig med særskilt tilrettelegging i de tilfeller det kreves mva-kompensasjon på utgifter til boligen, og oppfyller vedtakene kravene til legitimering av retten til å kreve mva-kompensasjon*

Den forenkla etterlevingskontrollen med økonomiforvaltninga vil bli gjennomført og rapportert til kontrollutvalet innan den lovpålagte fristen 30. juni 2026.

Rekneskapsrevisor vil vere til stades i møtet.

Vurdering:

Forenkla etterlevingskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjonen eller forvaltningsrevisjonen, men fungerer som eit supplement til desse. Kontrollutvalet sitt ansvar er avgrensa til å sjå til at slik kontroll blir gjennomført, samt å halde seg orientert om risiko- og vesentlighetsvurderinga og resultatane frå kontrollen.

Denne typen kontroll styrkjer kontrollutvalet sitt grunnlag for å ivareta ansvaret for å føre tilsyn med at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lovverk og politiske vedtak.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek risiko- og vesentlighetsvurderinga for forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga i Bykle kommune til orientering.

SAK 24/25 PROSJEKTPLAN «EIGARSKAPSKONTROLL OG FORVALTNINGSREVISJON SETESDAL BRANNVESEN IKS»**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS gjennomføre prosjektet «Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon Setesdal Brannvesen IKS» basert på dei problemstillingane som går fram av prosjektplanen og innanfor kontrollutvalet si budsjettamme.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Framlegg til prosjektplan frå Agder Kommunerevisjon IKS, datert 04.11.25

Bakgrunn:

Kontrollutvalet bestilte i sitt møte 17.09.25 gjennomføring av eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i Setesdal Brannvesen IKS. Agder Kommunerevisjon IKS har utarbeidd eit framlegg til prosjektplan som kontrollutvalet må ta stilling til.

Formålet med revisjonen er å undersøkje om det er samsvar mellom eigarkommunane sine forventningar og Setesdal Brannvesen IKS si oppgåveløysing, herunder om tenestene vert leverte i tråd med lovpålagde krav, styringssignal og kommunen sine mål for brann- og redningstenesta.

Revisor foreslår følgjande problemstillingar i den framlagde prosjektplanen:

Eigarskapskontroll:

I hvilken grad utøver Bykle kommune et aktivt eierskap overfor Setesdal brannvesen IKS basert på tydelige styringssignaler?

Forvaltningsrevisjon:

I hvilken grad ivaretar Setesdal brannvesen IKS sentrale brann- og redningstjenester i samsvar med brann- og eksplosjonsvernloven og eiernes styringssignal?

Det viktigaste er å vurdere om problemstillingane samsvarer med kontrollutvalet sine ønskje når det gjeld kva ein vil få svar på gjennom dette prosjektet.

Vurderingar:

Revisjonen tek sikte på å leggje fram rapport frå prosjektet til kontrollutvalet i andre halvår 2026.

For nærare detaljar og avgrensingar vert det vist til framlegget til prosjektplan og til revisors presentasjon av prosjektplanen i møtet.

I samråd med revisor vil det vere mogleg å gjere eventuelle justeringar i prosjektplanen dersom utvalet ønskjer det.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS gjennomføre prosjektet «Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon Setesdal Brannvesen IKS» basert på dei problemstillingane som går fram av prosjektplanen og innanfor kontrollutvalet si budsjettramme.

SAK 25/25 ENDELEG INNBERETNING MISLIGHETSSAK

Handsaming i møte:

Lukking av møte:

Leiar føreslo å lukke møte under handsaming av saka med henvisning til kommunelovens § 11-5, jf. offl. §13. jf. fvl § 13

Utvalet drøfta dette og vedtok følgande:

Vedtak:

Kontrollutvalet lukker møte under handsaming av saka med henvisning til kommunelovens § 11-5, jf. offl. §13. jf. fvl § 13

Møtet vart lukka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisors endelege innberetning til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Agder Kommunerevisjon IKS, brev nr. 3-25 datert 10.11.25, unnateke offentlig innsyn, jf. offl. § 13, jf. fvl. § 13 (vert ettersendt i eiga forsendning)

Bakgrunn:

I samsvar med kommunelova § 24-7 skal revisor straks sende ei førebels innberetning til kontrollutvalet dersom det vert avdekt mislegheiter ved revisjon eller på annan måte. Når

saksforholdet er nærare kartlagt, skal revisor sende ei endeleg innberetning som nummerert brev med kopi til kommunedirektør.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet ved sekretariatet har motteke nummerert brev nr. 3-25 frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 10.11.25.

Revisor vil orientere om innhaldet i brevet i møtet og kan svare på eventuelle spørsmål.

Vurderingar:

Brevet er unnateke offentleg innsyn jf. offl. § 13, jf. fvl. § 13.

Saka inneheld opplysningar som er underlagde teieplikt etter lovverket, og utvalet må difor lukke møtet under behandlinga jf. koml. § 11-5.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisors endelege innberetning til orientering.

SAK 26/25 REVISOR ORIENTERAR

Handsaming i møte:

Rekneskapsrevisjon:

Ferdig med planleggingsfasen og påbegynt interimsarbeidet. Attestert mva kompensasjons krav uten vesentlige avvik og dialog med økonomiavdelinga.

Forvaltingsrevisjon:

Presentert rapport forvaltningsrevisjon «Introduksjonsprogrammet i Bykle kommune» i kommunestyret.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Bakgrunn for saka:

Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.

Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalet: Neste møte i kontrollutvalet 04.02.26

NKRF kontrollutvalskonferanse 27.01.26-28.01.26. Sekretariatet ordnar det praktiske med påmelding og sender ut informasjon på e post.

Kontrollutvalet ber om å få oversendt informasjon om registrering av møtegodtgjersle i HR portalen.

Eventuelt

Kontrollutvalet ber om å få ei orientering frå administrasjonen i neste møte om kulvert Rv9, med fokus på historikk og formalitetar i saka, vedtak som er gjorde, og kva for økonomiske forpliktingar som ligg føre

Agder Sekretariat KO

Kontrollutvalet i Bykle kommune

Sak 02/26

Møtedato: 04.02.26

Sakshandsamar: ILA

SAK 02/26 KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING 2025

Vedlegg:

Framlegg til årsmelding for 2025

Bakgrunn for saka:


I kommunelova §23-5 står det at kontrollutvalet skal informere kommunestyret om sitt arbeid. Det er etablert ein praksis med å utarbeide ei enkel årsmelding frå kontrollutvalet. Eg har utarbeida eit framlegg til årsmelding som vert lagt fram for godkjenning. Utvalet sender den endelege årsmeldinga vidare til kommunestyret til orientering.

Framlegg til vedtak:

1. Framlegg til årsmelding for 2025 vert vedteken.
2. Årsmeldinga sendes kommunestyret til orientering.

Bykle kommune

Årsmelding frå kontrollutvalet 2025



KONTROLLUTVALET SITT ANSVAR

Kommunestyret har etter kommunelova § 22 det øvste ansvaret for kontroll med den kommunale verksemda. I medhald av kommunelova § 23-1 vel kommunestyret sjølv eit kontrollutval som på kommunestyret sine vegner skal føre løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga.

KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD

Kontrollutvalet sine møte

Kontrollutvalet har i 2025 hatt fire møte og handsama 26 saker. I tillegg kjem referatsaker og orienteringssaker.

Møta i kontrollutvalet vert haldne i kommunehuset i Bykle.

Ressursar til kontrollutvalets arbeid

Budsjett 2025

Kontrollutvalet sine egne utgifter var budsjetterte med kr 92 000.

Til sekretariatstenester var det budsjettert med kr 178 000.

Budsjettet for revisjon var kr 909 500, medan andre konsulenttenester var budsjetterte med kr 80 000.

Kontrollutvalet handsama framlegg til budsjett for kontrollarbeidet i møte 02.10.2024.

Framlegget vart sendt kommunen i tråd med forskrifta, som seier at budsjettframlegget skal følgje formannskapet sitt framlegg til kommunebudsjett ved handsaming i kommunestyret.

Rekneskap 2025

Tilskot til Agder Sekretariat KO var kr 178 000, i samsvar med vedteke budsjett.

Agder Kommunerevisjon IKS har følgande timeforbuk for 2025 på kontrollutvalets ansvarsområde:

Kategori	Timer
Regnskapsrevisjon	628
Forenklet etterlevelsesk kontroll	44
Mva-kompensasjon	71
Attestasjoner	57
Utvidet revisjon	107
Forvaltningsrevisjon	584
Eierskapskontroll	136
Administrasjon og deltakelse i KU møter	97
Sum	1 722

Orienteringar

Kommunedirektøren og/eller kommunedirektøren sine medarbeidarar har vore inviterte til møte i kontrollutvalet for å orientere om saker der utvalet har ønskja nærare informasjon og betre innsikt.

Styreleiar og dagleg leiar ved Hovden Skigymnas har orientert kontrollutvalet om selskapet, drift og økonomiske rammevilkår.

Kontrollutvalet sine oppgåver

Kommunelova § 23-2 seier:

” Kontrollutvalget skal påse at

a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte

b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak

c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i

d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)

e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.”

Kontrollutvalet sine oppgåver går fram av kommunelova § 23 og forskrift om kontrollutval og revisjon. Kommunestyret kan òg be kontrollutvalet utføre særskilde kontrolloppgåver på sine vegner.

Kommunen forvaltar store ressursar på vegner av innbyggjarane. Omfanget og breidda i den kommunale tenesteproduksjonen gjer det naudsynt med god styring og kontroll, slik at innbyggjarane får dei tenestene dei har krav på, og at ressursane vert forvalta effektivt og i samsvar med kommunestyret sine føringar.

Kommunal eigenkontroll er den kontrollen kommunen sjølv gjennomfører i eiga verksemd. Eigenkontrollen vert i hovudsak utført gjennom kommunedirektøren sin internkontroll og gjennom arbeidet til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet kan hos kommunen, utan hinder av teieplikt, krevje ei kvar opplysning, utgreiing eller eitkvart dokument, og gjennomføre dei undersøkingane som utvalet finn nødvendige for å utføre oppgåvene sine.

Kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Bykle kommune nyttar Agder Kommunerevisjon IKS som revisor, og kontrollutvalet meiner dette er ei god og forsvarleg ordning.

Ansvarlege revisorar har lagt fram erklæring om uavhengigheit. Revisor orienterer jamleg kontrollutvalet om saker som vert tekne opp med kommunedirektøren, gjennom nummererte brev eller munnlege orienteringar.

Kommunerekneskapen for 2024 vart handsama i kontrollutvalet 12.05.2025. Revisjonen gav si revisjonsberetning 05.05.25. På bakgrunn av dette gav kontrollutvalet følgende uttale til kommunerekneskapen for 2024 i tråd med føresegn:

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Bykle kommunes årsrekneskap og årsberetning for 2024. Agder Kommunerevisjon IKS har avgitt normalberetning utan spesielle merknader. Basert på revisjonsberetninga har kontrollutvalet ingen spesielle merknader til kommunens årsberetning. Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, framkomme i dialog med revisor, som kunne hatt betydning for utvalets uttale. Kontrollutvalet anbefaler at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsberetninga for 2024.

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon

Det er kontrollutvalet som etter kommunelova sine føresegner har ansvaret for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Dette går fram av §23-1 som har følgjande ordlyd:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal bruke for å sikre at kommunen vert driven på ein måte som ivaretek innbyggjarane behov på ein best mogleg måte. Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøke om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane forvaltast på ein effektiv måte. Forvaltningsrevisjon vil ha høg nytteverdi, både i utvalets kontrollverksemd, og i kommunens internkontroll og forbetningsarbeid.

Kontrollutvalet vil løpande rapportere resultatet av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til kommunestyret, samt sjå til at dei vedtak som kommunestyret fattar ved handsaminga av forvaltningsrevisjonsrapportar har blitt følgt opp.

Vedteken plan for forvaltningsrevisjon Bykle kommune 2023-2027:

Prioritet	Tema/sector/selskap	Aktuelt for forvaltningsrevisjon
1.	Helse og velferd	Introduksjonsprogrammet for nyankomne innvandrere
2.	Helse og velferd	Helsesamarbeidet
3.	Kommunedirektørens stab	Samfunnssikkerhet og beredskap
4.	Planavdelinga	Bærekraftig arealplanlegging

Rapport frå forvaltningsrevisjon «Introduksjonsprogrammet i Bykle kommune» vart lagt fram for kontrollutvalet hausten 2025.

Agder Kommunerevisjon IKS kom med følgande anbefalingar:

- *Kommunen bør sikre at de som har krav på kurs i foreldreveiledning får dette spesifisert som et element i sin integreringsplan.*
- *Kommunen bør sikre at det dokumenteres at kurs i foreldreveiledning er gjennomført for den enkelte deltager.*
- *Kommunen bør sikre at det foreligger tilstrekkelig dokumentasjon/journalføring i den enkelte sak.*

Kontrollutvalet vedtok følgande innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret ber kommunedirektør fylgje opp dei tilrådingane som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten «Introduksjonsprogrammet i Bykle kommune».
Kommunestyret ber kommunedirektør gje skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.03.2026 om korleis tilrådingane i rapporten er fylgd opp.

Kommunestyret vedtok kontrollutvalets innstilling. Kontrollutvalet vil følgje opp rapporten vinteren 2026.

Kontrollutvalet vart samde om følgande i fyrste møte i 2025:

Kontrollutvalet drøfta mogleg forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll av Hovden Skigymnas.

Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS legge fram framlegg til prosjektplan med alternativ for gjennomføring av prosjekt.

I sak om godkjenning av prosjektplan for forvaltningsrevisjon med eigarskapskontroll Hovden Skigymnas vedtok kontrollutvalet følgande (med innstilling til kommunestyret):

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Hovden Skigymnas under føresetnad av at kommunestyret bevilger ekstra midlar til gjennomføring inneverande år.

Kontrollutvalet ber om ei ekstra løyving til å gjennomføre prosjekt eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon «Hovden Skigymnas» sett i lys av årleg kommunal ressursbruk og moglege investeringsprosjekt.

Framlegg til innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret bevilger kr 400 000 til gjennomføring av prosjekt forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Hovden Skigymnas.

Kommunestyret vedtok å ikkje bevilga pengar til prosjektet.

I neste møte handsama utvalet sak om bestilling av nytt prosjekt og vedtok:

Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjonsprosjekt «Samfunnssikkerhet og beredskap» og ber Agder Kommunerevisjon IKS legge fram prosjektplan i neste møte.

Bykle kontrollutval bestiller gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Setesdal Brannvesen IKS.

Det er ein føresetnad at alle eigarkommunar vedtek å delta i gjennomføringa av forvaltningsrevisjonen og eigarskapskontrollen.

Prosjektplan bes framlagt på neste møte i utvalet.

Prosjektplanen vart godkjent i kontrollutvalets siste møte i 2025. Revisjonen tek sikte på å legge fram rapporten hausten 2026.

Kontrollutvalet sine oppgåver ved eigarskapskontroll

Etter endringar i kommunelova frå valet 2019, er tidlegare selskapskontroll endra til eigarskapskontroll. Kommunelova § 23-4 har følgjande ordlyd:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Vedteken plan for eigarskapskontroll Bykle kommune 2023-2027:

- Setesdal Brannvesen IKS
- Bykle og Hovden vekst AS
- Konesjonskraft IKS

Kontrollutvalet bestilte saman med dei andre eigarkommunane eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Setesdal Brannvesen IKS hausten 2025.

Bykle kontrollutval bestiller gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Setesdal Brannvesen IKS.

*Det er ein føresetnad at alle eigarkommunar vedtek å delta i gjennomføringa av forvaltningsrevisjonen og eigarskapskontrollen.
Prosjektplan bes framlagt på neste møte i utvalet.*

Prosjektplanen vart godkjent i siste møte for året. Revisjonen tek sikte på å legge fram rapport for kontrollutvalet andre halvår 2026.

Forenkla etterlevingskontroll

Kontrollutvalet handsama i møte 17.09.2025 sak om etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga. Revisor gjennomførte eit attestasjonsoppdrag knytt til regelverket for offentlege innkjøp, særleg protokollplikt ved kjøp mellom kr 100 000 og kr 1,3 millionar.

Kontrollutvalet gjorde følgande vedtak:

Kontrollutvalet tar revisors attestasjonsuttale frå forenkla etterlevingskontroll og nummerert brev nr. 1 til orientering.

I siste møte i 2025 la revisor fram valt område for etterlevingskontroll. Det går fram av risiko- og vesentligheitsvurderinga at revisor, etter ei samla vurdering har valt ut området vedtak på særskilt tilrettelagte bustader som tema for kontrollen.

Øvrige saker

Ved starten av året handsama kontrollutvalet sak om rutine for oversending av tilsynsrapportar til kontrollutvalet og vedtok:

Kontrollutvalet vedtek vedlagte rutine for oversending av tilsynsrapportar med tilhøyrande dokument. Kommunedirektør bes følgje opp rutinen og oversende tilsynsrapportane i tråd med denne.

Hausten 2025 handsama utvalet «Overordna revisjonsstrategi 2025 Bykle kommune».

Utvalet vedtok følgande:

Kontrollutvalet tar overordna revisjonsstrategi 2025 for Bykle kommune til orientering.

Kontrollutvalet handsama sak om «Nummerert brev nr. 1-25 frå revisor, foreløpig innberetning mislighetssak» vinteren 2025 medan sak om «Endeleg innberetning mislighetssak» vart handsama i utvalets siste møte for året.

Utvalet vedtok:

Kontrollutvalet tek revisors endelege innberetning til orientering.

Øvrige saker som har vore handsama i utvalet er mellom anna kontrollutvalets årsmelding 2024 og kontrollutvalets årsplan 2026.

Kontrollutvalet si samansetjing

Kommunelova § 23-1 angir bestemte krav til kven som kan veljast som medlemmar av kontrollutvalet.

Minst eit av medlemmene skal vere medlem av kommunestyret og etter ny

kommunelov skal det og veljast minst fem medlemmar til utvalet. Kommunestyret kan foreta nyval av kontrollutvalets medlemmar i valperioden, men då må heile utvalet veljast på nytt.

Medlemmar og varamedlemmar:

Medlemmar	Varamedlemmer Ap, H, Krf
Olav Mandt, leiar	Peik H Bachmann
Tor Hallvars Mosdøl, nestleiar	Toralf Hildebrandt
Ingrid Helle, medlem	Jan Dagfinn Dalen
Geir Anders Breive, medlem	
Anne Blix Grimestad, medlem	Varamedlemmer Sp, V, BB
	Bernt Einar Berntsen
	Hege Cecilie Trydal

Kontrollutvalet sitt sekretariat

Kontrollutvala i Bygland, **Bykle**, Evje og Hornnes, Farsund, Flekkefjord, Hægebostad, Iveland, Kvinesdal, Lindesnes, Lyngdal, Sirdal, Valle og Åseral har felles sekretariat gjennom Agder Sekretariat KO som er eit kommunalt oppgåvefellesskap.

Sekretariatet har 2 tilsette og har kontorstad i Kvinesdal kommune. Fast sekretær for Bykle kommune er Inger Lise Austrud.

Sekretariatet sine oppgåver er fastsett i Forskrift om kontrollutval og revisjon § 7:

«Sekretariatet skal forberede sakene for kontrollutvalget og skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet. Sekretariatet skal også påse at kontrollutvalgets vedtak blir iverksatt.»

Agder Sekretariat KO

Kontrollutvalet i Bykle kommune

Sak 03/26

Møtedato: 04.02.26

Sakshandsamar: ILA

SAK 03/26 ETTERLEVINGSKONTROLL MED ØKONOMIFORVALTNINGA

Vedlegg:

Attestasjonsuttale frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 23.01.26

Brev 1-26 Forenkla etterlevingskontroll frå Agder Kommunerevisjon datert 23.01.26

Bakgrunn for saka:

Revisor har utført eit attestasjonsoppdrag i samband med Bykle kommunes etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltninga knytt til vedtak på særskilt tilrettelagte bustader.

Revisor har kontrollert følgande:

- Har kommunen en oversikt over boliger med utleie til helse- og sosialformål
- Har kommunen gyldige enkeltvedtak på tildeling av bolig med særskilt tilrettelegging i de tilfeller det kreves mva-kompensasjon på utgifter til boligen, og oppfyller vedtakene kravene til legitimering av retten til å kreve mva-kompensasjon

Uttalen gjev moderat sikkerheit for konklusjonen, altså er det ikkje like strenge beviskrav som til ei revisjonsberetning.

Saksopplysingar:

Kommunestyret skal sjå til at uavhengig instans med kunnskap om økonomiforvaltninga vurderer rutinane. Kommunestyret skal og sjå til at slike rutinar er etablert og overhaldt. Kontrollutvalet er kommunestyrets tilsynsorgan og det ligg til utvalet å føre tilsyn med kommunens forvaltning på kommunestyrets vegne.

Revisor har avlagt negativ konklusjon og legg ved tilhøyrande nummerert brev nr. 1.

Grunnlag for negativ konklusjon:

Ved kontrollen ble det avdekket at 2 av 4 vedtak ikke hadde tilstrekkelig begrunnelse for beboernes behov for særskilt tilrettelagt bolig. For alle de 4 kontrollerte vedtakene forelå det mangler i beskrivelsen av hvordan boligen oppfyller beboers behov for tilrettelegging.

Konklusjon:

På grunn av betydningen av forholdet beskrevet i avsnittet «Grunnlag for negativ konklusjon» kan vi ikke konkludere med at Bykle kommune i det vesentligste har etterlevd kravene til vedtak på særskilt tilrettelagte boliger.

Vurderingar:

Forenkla etterlevingskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjon eller forvaltningsrevisjon, men kan sjåast på som eit supplement. For kontrollutvalets del er ansvaret avgrensa til å sjå til at det vert gjennomført, og halde seg orientert om risiko- og vesentlighetsvurdering samt resultatet frå kontrollen.

Forenkla etterlevingskontroll styrker kontrollutvalets grunnlag for ivareta sitt ansvar for å føre kontroll med at økonomiforvaltninga er i samsvar med føresegner og vedtak.

Kommunedirektør er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at økonomiforvaltninga er i tråd med føresegner og vedtak, og at økonomiforvaltninga er gjenstand for betryggande kontroll.

Revisor vil i møtet orientere om resultata frå den forenkla etterlevingskontrollen og svare på eventuelle spørsmål.

Sekretariatet har elles ingen merknader i saka.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar revisors attestasjonsuttale frå forenkla etterlevingskontroll og nummerert brev nr. 1-26 til orientering.

Kontrollutvalet ber kommunedirektør kome med skriftleg tilbakemelding innan 01.03.26 på oppfølginga av nummerert brev 1-26.

Til kontrollutvalget i Bykle kommune

Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen.

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Bykle kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på følgende områder:

Vedtak på særskilt tilrettelagte boliger

Kriteriene er hentet fra:

- Lov om merverdiavgift § 3-11
- Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. § 4
- Forskrift om mva-kompensasjon til kommuner mv. § 7
- Merverdiavgiftshåndboken 2025 punkt 23.5.5 (vedtak)

Her vil vi se på etterlevelse av følgende forhold:

- at kommunen har oversikt over boliger med utleie til helse- og sosialformål.
- at kommunen har gyldige enkeltvedtak på tildeling av bolig, og at vedtakene oppfyller kravene til legitimering av retten til å kreve mva-kompensasjon.

Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneholder uavhengighetskrav og andre krav basert på grunnleggende prinsipper om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsomhet, fortrolighet og profesjonell opptreden.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetsstyring (ISQM 1 Kvalitetsstyring for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester) har Agder Kommunerevisjon IKS et tilstrekkelig kvalitetsstyringssystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning på det området vi har foretatt forenklet etterlevelseskontroll.

Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleves. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Grunnlag for negativ konklusjon


Ved kontrollen ble det avdekket at 2 av 4 vedtak ikke hadde tilstrekkelig begrunnelse for beboernes behov for særskilt tilrettelagt bolig. For alle de 4 kontrollerte vedtakene forelå det mangler i beskrivelsen av hvordan boligen oppfyller beboers behov for tilrettelegging

Negativ konklusjon

På grunn av betydningen av forholdet beskrevet i avsnittet «Grunnlag for negativ konklusjon» kan vi ikke konkludere med at Bykle kommune i det vesentligste har etterlevd kravene til vedtak på særskilt tilrettelagte boliger.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt påse-ansvar med økonomiforvaltningen og til Bykle kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.

Kristiansand, 23. januar 2026



Torjus Finstad Ledaal
Statsautorisert revisor

Kopi: - Kommunedirektør

Til kontrollutvalget i Bykle kommune

Brev nr.1/26

Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen 2025 – vedtak på særskilt tilrettelagte boliger

Konklusjon

Basert på revisjonens gjennomgang avga vi uttalelse med følgende konklusjon:

Grunnlag for negativ konklusjon

Ved kontrollen ble det avdekket at 2 av 4 vedtak ikke hadde tilstrekkelig begrunnelse for beboernes behov for særskilt tilrettelagt bolig. For alle de 4 kontrollerte vedtakene forelå det mangler i beskrivelsen av hvordan boligen oppfyller beboers behov for tilrettelegging

Konklusjon

På grunn av betydningen av forholdet beskrevet i avsnittet «Grunnlag for negativ konklusjon» kan vi ikke konkludere med at Bykle kommune i det vesentligste har etterlevd kravene til vedtak på særskilt tilrettelagte boliger.

Bakgrunn

Basert på risikovurdering lagt frem for kontrollutvalget ble følgende valgt ut for kontroll i 2025

Etter en samlet vurdering har revisjonen valgt ut området:

Vedtak på særskilt tilrettelagte boliger

Kriteriene er hentet fra:

- Lov om merverdiavgift § 3-11
- Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. § 4
- Forskrift om mva-kompensasjon til kommuner mv. § 7
- Merverdiavgiftshåndboken 2025 punkt 23.5.5 (vedtak)

Her vil vi se på etterlevelse av følgende forhold:

- at kommunen har oversikt over boliger med utleie til helse- og sosialformål.
- at kommunen har gyldige enkeltvedtak på tildeling av bolig, og at vedtakene oppfyller kravene til legitimering av retten til å kreve mva-kompensasjon.

Det følger av merverdiavgifts håndboken¹ at vilkåret for å kreve merverdiavgiftskompensasjon er at boligen er «særskilt tilrettelagt». Skattedirektoratet har uttalt at utrykke «særskilt tilrettelagt» henspiller på boligens beskaffenhet. Videre at det er en behovsprøving for de som

¹ Side 1150/1151

bor der i den forstand at det er den særskilte tilretteleggingen som gjør at beboer er innvilget boligen.

Selve tildelingsvedtaket må være formulert slik at man kan ta stilling til om kriteriene som ligger i særskilt tilrettelagt er oppfylt. Beslutningsgrunnlaget/konklusjonen av behovsprøvingen må fremgå tydelig enten i selve tildelingsvedtaket eller i eget vedlegg tilhørende tildelingsvedtaket.

Vi har kontrollert hvorvidt vedtakene beskriver beboers behov for en tilrettelagt bolig, samt at det fremkommer tydelig at den særskilte tilretteleggingen av boligen møter beboers behov.

Gjennomført kontroll

Det ble innhentet oversikt over boliger med utleie til helse- og sosialformål. Basert på dette, valgte revisjonen å kontrollere 4 vedtak på tildeling av særskilt tilrettelagte boliger.

2 av 4 vedtak ikke hadde tilstrekkelig begrunnelse for beboernes behov for særskilt tilrettelagt bolig. For alle de 4 kontrollerte vedtakene forelå det mangler i beskrivelsen av hvordan boligen oppfyller beboers behov for tilrettelegging

Antallet avvik er av en slik størrelsesorden sett i forhold til vårt utvalg at dette har medført negativ konklusjon.

En negativ konklusjon innebærer at vi mener det foreligger forhold som gir oss grunn til å tro at kommunen ikke overholder revisjonskriteriene.


Vår kontroll knytter seg kun til hvorvidt vedtakene oppfyller kravene til legitimasjon av retten til å kreve merverdiavgiftskompensasjon. Mangler i vedtak kan få konsekvenser ved et evt. bokettersyn.

Vår kontroll har ikke avdekket indikasjoner på at tildelingen og bruken av boligene ikke er i tråd med intensjonen med boligene.

Vi ber administrasjonen komme med en skriftlig tilbakemelding, innen 1. mars 2026, vedrørende resultatet av denne kontroll, og at denne tilbakemelding også oversender til kontrollutvalget.

Kristiansand, 23. januar 2026


Tor Ole Holbek
Revisjonsdirektør


Torjus Finstad Ledaal
Statsautorisert revisor

Kopi: Kommunedirektør

Agder Sekretariat KO

Kontrollutvalet i Bykle kommune

Sak 04/26

Møtedato: 04.02.26

Sakshandsamar: ILA

SAK 04/26 UAVHENGIGHETSERKLÆRINGAR FRÅ REVISOR

Vedlegg:

Uavhengighetserklæringar frå dei oppdragsansvarlege revisorane Tor Ole Holbek og Torjus Finstad Ledaal

Bakgrunn for saka:

Oppdragsansvarleg revisor skal i medhald av forskrift om kontrollutval og revisjon §19 kvart år gje ei skriftleg eigenvurdering om sin uavhengighet til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet må vurdere om revisors eigenvurdering tilseier at revisor tilfredsstillar dei krav til uavhengighet som går fram i kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon.

Vurdering:

Kontrollutvalet kan ta eigenerklæringa til orientering

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor og oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor sine eigenvurderingar om uavhengighet til orientering.

Kontrollutvalget
Bykle kommune

Kristiansand, 16.01.26

Vurdering av uavhengighet – Bykle kommune

Innledning

Det følger av kommuneloven § 24-4 at revisor skal være uavhengig og ha godandel.

Departementet har i forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16 satt krav til revisors uavhengighet. Departementet har i videre i forskriftens §§ 17 og 18 satt grenser for revisors tilknytning til den reviderte virksomheten og grenser for hvilke stillinger, verv og tjenester som revisor kan ha.

I følge forskriftens § 19 skal den som utfører revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet og oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

Kommunelovens krav til uavhengighet

§ 24-4. Revisors uavhengighet ogandel.

Revisor skal være uavhengig og ha godandel.

Departementet kan gi forskrift om krav til revisors uavhengighet ogandel.

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon

§ 16. Krav til revisors uavhengighet

Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.

Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen eller i en interkommunal samarbeidsordning medfører ikke i seg selv at revisjonen mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.

§ 17. Grenser for revisors tilknytning til den reviderte virksomheten

Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis revisoren eller revisorens nærstående har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.

Nærstående etter første ledd er

- a) revisorens ektefelle eller samboer og deres søsken
- b) revisorens slektninger i rett oppstigende eller nedstigende og deres ektefeller eller samboere
- c) revisorens søsken og deres ektefelle eller samboer
- d) slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje til revisorens ektefelle eller samboer

§ 18. Grenser for hvilke stillinger, verv og tjenester som revisor kan ha

Revisor kan ikke

- a) ha andre stillinger i kommunen eller fylkeskommunen
- b) ha andre stillinger i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av
- c) være medlem av styrende organer i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av. Dette gjelder ikke hvis virksomheten utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap, samvirkeforetak eller aksjeselskap.
- d) delta i eller ha funksjoner i en annen virksomhet, hvis det kan føre til at revisorens interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisoren.
- e) utføre rådgivningstjenester eller andre tjenester for kommunen eller fylkeskommunen, hvis dette er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet
- f) yte tjenester som hører inn under den reviderte virksomhetens egne ledelses- og kontrolloppgaver
- g) opptre som fullmektig for den reviderte virksomheten, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolloven § 218.

§ 19. Krav til egenvurdering av uavhengighet

Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune, skal løpende vurdere sin uavhengighet.

Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

En skriftlig egenvurdering om revisjonens uavhengighet skal følge alle tilbud om revisjon.

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

§ 18 pkt. a og b: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt. c: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>
Pkt. d: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt. e: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors uavhengighet og objektivitet	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor kommunen som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tjenester utføres av Agder kommunerevisjon IKS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 18, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i>
Pkt. f: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor kommunen som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i>
Pkt. g: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Agder Kommunerevisjon IKS opptrer som fullmektig for kommunen.</i>
§ 16: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til min uavhengighet og objektivitet</i>
§ 17 Revisor tilknytning/ nærstående	<i>Undertegnede har ikke slik tilknytning eller nærstående som har tilknytning til kommunen, dens ansatte eller tillitsmenn som har betydning for min uavhengighet og objektivitet</i>

Krav tilandel

Jeg bekrefter at jeg har godandel.

Agder Kommunerevisjon IKS

Tor Ole Holbek

Oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor

Kontrollutvalget
Bykle kommune

Kristiansand, 06.01.26

Vurdering av uavhengighet – Bykle kommune

Innledning

Det følger av kommuneloven § 24-4 at revisor skal være uavhengig og ha godandel.

Departementet har i forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16 satt krav til revisors uavhengighet. Departementet har i videre i forskriftens §§ 17 og 18 satt grenser for revisors tilknytning til den reviderte virksomheten og grenser for hvilke stillinger, verv og tjenester som revisor kan ha.

I følge forskriftens § 19 skal den som utfører revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet og oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

Kommunelovens krav til uavhengighet

§ 24-4. Revisors uavhengighet og vandel.

Revisor skal være uavhengig og ha godandel.

Departementet kan gi forskrift om krav til revisors uavhengighet og vandel.

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon

§ 16. Krav til revisors uavhengighet

Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.

Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen eller i en interkommunal samarbeidsordning medfører ikke i seg selv at revisjonen mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

§ 18 pkt. a og b: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt. c: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>
Pkt. d: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt. e: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors uavhengighet og objektivitet	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor kommunen som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tjenester utføres av Agder kommunerevisjon IKS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 18, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i>
Pkt. f: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor kommunen som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i>
Pkt. g: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Agder Kommunerevisjon IKS opptrer som fullmektig for kommunen.</i>
§ 16: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til min uavhengighet og objektivitet</i>
§ 17 Revisor tilknytning/ nærstående	<i>Undertegnede har ikke slik tilknytning eller nærstående som har tilknytning til kommunen, dens ansatte eller tillitsmenn som har betydning for min uavhengighet og objektivitet</i>

Krav til vandel

Jeg bekrefter at jeg har god vandel.

Agder Kommunerevisjon IKS



Torjus Finstad Ledaal

Oppdragsansvarlig regnskapsrevisor

Agder Sekretariat KO

Kontrollutvalet i Bykle kommune

Sak 05/26

Møtedato: 04.02.26

Sakshandsamar: ILA

SAK 05/26 ENDELEG INNBERETNING MISLIGHETSSAK

Vedlegg:

Agder Kommunerevisjon IKS, brev nr. 2-26 datert 23.01.26 med vedlegg, unnateke offentlig innsyn jf. offl. § 13, jf. fvl. § 13 (vert ettersendt i eiga forsending)

Bakgrunn:

I samsvar med kommunelova § 24-7 skal revisor straks sende ei førebels innberetning til kontrollutvalet dersom det vert avdekt mislegheiter ved revisjon eller på annan måte. Når saksforholdet er nærare kartlagt, skal revisor sende ei endeleg innberetning som nummerert brev med kopi til kommunedirektør.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet ved sekretariatet har motteke nummerert brev nr. 2-26 frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 23.01.26.

Revisor vil orientere om innhaldet i brevet i møtet og kan svare på eventuelle spørsmål.

Vurderingar:

Brevet er unnateke offentlig innsyn jf. offl. § 13, jf. fvl. § 13.

Saka inneheld opplysningar som er underlagde teieplikt etter lovverket, og utvalet må difor lukke møtet under behandlinga jf. koml. § 11-5.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisors endelege innberetning til orientering.

Agder Sekretariat KO

Kontrollutvalet i Bykle kommune

Sak: 06/26

Møtedato: 04.02.26

Sakshandsamar: ILA

SAK 06/26 REVISOR ORIENTERAR

Bakgrunn for saka:

Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.

Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.




Statsforvalteren
i Agder

Tilsynsrapport

Vedtak

Bykle kommune

Tilsyn med integreringslova –
Fastsetting av slutt mål



Arendal, 24. oktober 2025

Ingunn Lund

Anna Goderstad

Sofie Kleivene-Briseid

Samandrag av funn frå tilsynet med Bykle kommune

Statsforvaltaren i Agder har hatt tilsyn med Bykle kommune frå 8. august 2025 til dags dato. Tema for tilsynet er fastsetting av slutt mål for introduksjonsprogrammet.

Tilsynet blei gjennomført ved gjennomgang av innsendt dokumentasjon frå kommunen og intervju med tilsette og deltakarar 17. og 18. september 2025.

Statsforvaltaren har funne at Bykle kommune ikkje sett eit individuelt slutt mål for den enkelte deltakar fordi slutt måla ikkje er tilstrekkeleg konkrete. Vidare har Statsforvaltaren konkludert med at integreringsplanane ikkje inneheld ei grunngjeving som viser til dei faktiske forholda som er lagt til grunn for vedtaket.

Kommunen mottok følebels tilsynsrapport 9. oktober og hadde ingen kommentarar til denne.

Vi fatter nå vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til 15. desember 2025.

Innhald

Tilsynsrapport	1
Vedtak	1
1 Innleiing	4
1.1 Statsforvaltarens heimel for tilsyn	4
1.2 Formålet med tilsynet	4
1.3 Gjennomføring av tilsynet	5
2 Kommunens organisering av arbeidet med integreringslova	5
3 Tema for tilsynet: Fastsetting av slutt mål	6
3. 1 Rettslege krav	6
3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	6
3.2.1 Sett kommunen eit slutt mål i samsvar med deltakarens alder og utdanningsnivå?	7
3.2.3 Har kommunen sørga for at deltakaren har hatt ein reell moglegheit til å medverke til utarbeidinga av integreringsplanen?	8
3.2.5 Er integreringsplanen vedtatt innan tre månader frå deltakaren blei boset eller framsette krav om deltaking i introduksjonsprogrammet?	9
3.2.7 Inneheld integreringsplanen ei grunngjeving som viser dei faktiske forhalda som er lagt til grunn?	10
4 Pålegg om retting	10
5 Oppfølging av pålegg om retting	11
6 Dere kan klage på pålegg om retting	11

1 Innleiing

Denne rapporten er utarbeida av Statsforvaltaren i Agder etter tilsyn med Bykle kommunes etterleving av integreringslova. Tilsynet blei gjennomført i perioden 8. august 2025 til dags dato.

Tilsynet rettar seg mot kommunen som ansvarleg for oppfylling av pliktene i lova. Uavhengig av om tenester utførast av andre enn kommunen, er det kommunen som plikter å sørge for at tenestene utførast i samsvar med lova og tilhøyrande forskrifter. Hovudtema for tilsynet er *Deltakarens integreringsplan – vegen til eit tilpassa og målretta introduksjonsprogram*. Deltemaet for tilsynet som er gjennomført i Bykle er *Fastsetting av slutt mål*.

Gjennom tilsynet har vi funne at Bykle kommune ikkje sett eit individuelt slutt mål for den enkelte deltakar fordi slutt måla ikkje er tilstrekkeleg konkrete. Vidare har Statsforvaltaren konkludert med at integreringsplanane ikkje inneheld ei grunngjeving som viser til dei faktiske forholda som er lagt til grunn for vedtaket.

1.1 Statsforvaltarens heimel for tilsyn

Statsforvaltaren har som oppgåve å føre tilsyn med kommunens oppfylling av pliktene etter integreringslova kapittel 3 til 6 og §§ 39, 40, 43 og 50 med forskrifter, jf. integreringslova § 48, jf. kommunelova kapittel 30. Statsforvaltaren kan også føre tilsyn med plikten til å ha internkontroll etter kommunelova § 25-1, jf. integreringslova § 48.

Tilsynet kan også omfatte forskrifter gitt i medhald av disse reglane, og forvaltningsrettens krav til saksbehandling, jf. integreringslova § 46.

Statsforvaltarens tilsyn er eit lovlegheitstilsyn, jf. kommunelova § 30-2. Dette inneber at tilsynet skal være ein kontroll av om kommunens praksis og vedtak er i samsvar med plikter pålagt i lov eller i medhald av lov. Kommunelova § 30-3 gir Statsforvaltaren rett til å be om opplysningar, rett til innsyn i saksdokument og tilgang til kommunale institusjonar eller andre som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Etter kommunelova § 30-4 kan fylkesmannen gi pålegg til kommunen om å rette forhold som er i strid med regelverket.

I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.Statsforvaltaren.no/nb/portal/Om-oss/Personvern/.

1.2 Formålet med tilsynet

Formålet med tilsynet er å bidra til økt etterleving av lova og kvaliteten i den kommunale tenesteproduksjonen. Brot på integreringslova kan få rettssikkerheitsmessige konsekvensar for deltakarane og forseinke integreringa i det norske samfunnet og deira moglegheit til å bli økonomisk sjølvstendige. Det er dermed viktig at kommunen oppfyller sine lovpålagte plikter.

Slutt mål blei innført med integreringslova for å auke kommunanes ambisjonar overfor deltakarane, og for å gi klarare retning for programmet til den enkelte. Det er gjort viktige avvegingar av kva for program som skal gis tilbod om til kva for grupper, og dei ulike slutt måla gir uttrykk for kva for forventningar det er til dei enkelte gruppene. At deltakarane får moglegheit

til å medverke og dermed påverke innhaldet i introduksjonsprogrammet er viktig for at dei skal ha eigarskap til sitt eget introduksjonsprogram og oppleve introduksjonsprogrammet som meningsfylt.

Integreringsplanen skal utformast i samarbeid mellom kommunen og den enkelte deltakar, noko som bidrar til at den enkelte tar eigarskap over si framtid i Norge. I resultata frå den nasjonale brukarundersøkinga for deltakare i introduksjonsprogram for 2022 og 2023 går det fram at om lag ein tredjedel av deltakarane ikkje har fått ein integreringsplan. Deltakare utan integreringsplan mister også moglegheita til å påverke innhaldet i introduksjonsprogrammet samt til å sjå kva for vurderingar kommunen har lagt til grunn for innhaldet i programmet.

Manglande etterleving av krava til fastsetting av slutt mål vil kunne medføre at deltakaranes slutt mål ikkje er i samsvar med regelverket og at introduksjonsprogrammet ikkje i tilstrekkeleg grad er tilpassa den enkelte deltakar. Dette vil igjen påverke den enkelte sin moglegheit til å få eit kvalifiseringsløp i tråd med intensjonane i regelverket, for eksempel ved at dei ikkje får moglegheit til å få formell kvalifisering som vidaregåande opplæring, som del av introduksjonsprogrammet.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

1.3 Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført slik:

1. Opningsbrev frå statsforvaltaren til kommunen 08.08.2025
2. Mottak av dokumentasjon frå kommunen 08.09.2025
3. Opningsmøte i kommunen 17.09.2025
4. Stadleg tilsynsbesøk gjennomført 17. og 18.09.2025
5. Utsending av førebels tilsynsrapport 09.10.2025
6. Slutt møte med kommunen 23.10.2025
7. Utsending av tilsynsrapport 24.10.2025
8. Frist for skriftleg tilbakemelding frå kommunen på førebels rapport 31.10.2025
9. Frist for retting 15.12.2025

2 Kommunens organisering av arbeidet med integreringslova

I Bykle kommune er ansvaret for introduksjonsprogrammet lagt til flyktingtenesta. Leiar av flyktingtenesta er konstituert, og det vil frå 1. oktober vere ny organisering i kommunen der flyktingtenesta vil bli lagt under kommunalsjef for helse og omsorg.

Det er flyktingkoordinator som har ansvar for kartlegging av deltakaranes kompetanse og behov og for å treffe vedtak om deltaking i introduksjonsprogrammet og integreringsplan. Vedtak om deltaking i introduksjonsprogrammet godkjennast av ein annan flyktingkoordinator.

Det er flyktningkoordinator som godkjenner vedtak om deltaking i introduksjonsprogram og integreringsplan.

Opplæringa i norsk og samfunnskunnskap gjennomførast på den kommunale vaksenopplæringa som held til i same bygg som flyktningtenesta.

3 Tema for tilsynet: Fastsetting av slutt mål

Hovudtema for tilsynet er *Deltakars integreringsplan – vegen til eit tilpassa og målretta introduksjonsprogram*. I Bykle kommune er det deltemaet *fastsetting av slutt mål* som er undersøkt. Nedanfor følgjer rettslege krav for tilsynet samt våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.

3. 1 Rettslege krav

Personar med kollektiv beskyttelse har rett, men ikkje plikt, til introduksjonsprogram jf. integreringslova § 37 c. Denne gruppa skal ha introduksjonsprogram etter integreringslova kapittel 4, med dei særreguleringane som følgjer av integreringslova § 37 c. Alle deltakare i introduksjonsprogrammet skal ha eit slutt mål, jf. integreringslova § 13. For personar med kollektiv beskyttelse fastsett § 37 c rammene for kommunens handlingsrom ved fastsetting av slutt mål for den enkelte deltakar. For deltakare med utdanning på vidaregåande nivå eller høgare er utgangspunktet at slutt målet skal vere overgang til lønna arbeid, høgare utdanning eller høgare yrkesfagleg utdanning, jf. integreringsloven § 37 c annet ledd. For deltakare utan utdanning på vidaregåande nivå eller høgare er utgangspunktet at slutt målet skal vere at deltakaren kommer i arbeid eller fullfører deler av eller heile grunnskolen eller vidaregåande opplæring, jf. § 37 c tredje ledd jf. § 13 tredje og fjerde ledd.

Innanfor rammene av § 37 c jf. § 13 skal kommunen fastsette eit konkret slutt mål for den enkelte. Slutt målet skal vere realistisk å oppnå innan programtida, så konkret som mogleg, og reflektere kva deltakaren skal oppnå i introduksjonsprogrammet.

Utarbeiding av integreringsplan og fastsetting av slutt målet skal gjerast i samarbeid mellom kommunen og den enkelte deltakar jf. integreringslova § 37 c sjuande ledd.

Vedtak om introduksjonsprogram og utarbeiding av integreringsplan som inneheld slutt målet, jf. integreringslova §§ 12 og 37c, er eit enkeltvedtak, jf. integreringslova § 46. Enkeltvedtak skal følgje forvaltningslovas saksbehandlingsregler. Dette inneber blant anna at vedtaket skal vise til dei reglane integreringslova som vedtaket byggjer på, og beskrive dei faktiske forholda som har hatt betydning for avgjerda, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25.

3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Videre beskriv vi Statsforvaltarens observasjonar, vurderingar og konklusjonar med utgangspunkt i tilsynets kontrollspørsmål.

3.2.1 Sett kommunen eit slutt mål i samsvar med deltakarens alder og utdanningsnivå?

Det følgjer av intervju med flyktningkoordinator og deltakarar at flyktningtenesta kartlegg nye deltakarar, deriblant alder og utdanningsnivå. Det som kjem fram i kartlegginga set rammene for kva slutt mål flyktningtenesta kan fastsette for den enkelte. I innsendte vedtak om deltaking og integreringsplanar ser vi at alle deltakarane er personar med midlertidig, kollektiv beskyttelse og at alle har utdanning på vidaregåande nivå eller høgare frå Ukraina. Sluttmåla er litt ulikt formulert, men i alle tilfella er slutt målet arbeid.

Statsforvaltaren vurderer at intervjuvara og innsendt dokumentasjon sannsynleggjer ein praksis der slutt mål fastsettast i samsvar med deltakaranes alder og utdanningsnivå og i tråd med krava i integreringslova § 37 c.

3.2.2 Sett kommunen eit individuelt slutt mål for den enkelte deltakar?

Det følgjer av innsendt dokumentasjon, eigenvurdering og intervjuvar at kommunen sett eit slutt mål for introduksjonsprogrammet på bakgrunn av kartlegging av deltakarens alder, utdanning, arbeidserfaring, ønskjer og moglegheiter i kommunen. Kommunen bruker både allereie gjennomført kartlegging frå IMDi og eigne kartleggingssamtalar som grunnlag. Ettersom det i Bykle berre er busett ukrainarar med midlertidig, kollektiv opphaldsløyve dei seinare åra, er det ikkje krav om karriererettleiing, men kommunen inviterer Karriere Agder til kommunen to gonger i året. Kommunen ser at desse besøka kan gje deltakaren betre oversikt over eigne moglegheiter og også økt motivasjon.

Alle deltakarane i introduksjonsprogrammet i Bykle har hatt utdanning på vidaregåande nivå eller høgare frå før. Vidare kjem det fram i dokumentasjonen og i intervjuar at deltakarar sjeldan har utdanning og arbeidserfaring som kan gje dei relevant arbeid i Bykle innan programtida. Ein veit ofte ikkje heilt kva slags arbeid som kan vere riktig for den enkelte, og slutt målet vert derfor "overgang til arbeid" i dei fleste tilfella.

Sluttmåla i integreringsplanane vi har fått tilsendt er i hovudsak individuelle og satt med utgangspunkt i deltakars kompetanse og ønsker. Vi ser likevel at slutt måla ikkje er tilstrekkeleg konkrete. Sluttmåla er satt til "*Overgang til arbeid*" eller "*Overgang til betalt arbeid*". Det følgjer ikkje av slutt målet eller av planen elles kva for bransje klagaren skal arbeide i. Dette gjer det vanskeleg å avgjere om deltakaren har nådd slutt målet sitt og om hen har fått eit hensiktsmessig innhald i programmet sitt.

Basert på innsendt dokumentasjon og gjennomførte intervju konkluderer vi med at kommunen sett individuelle sluttmaal for den enkelte deltakar, men at sluttmåla er ikkje tilstrekkeleg konkrete. Vi konkluderer etter dette med at kommunen ikkje har ein praksis i tråd med lovverket på dette punktet.

3.2.3 Har kommunen sørga for at deltakaren har hatt ein reell moglegheit til å medverke til utarbeidinga av integreringsplanen?

Innsendt dokumentasjon viser at kommunen har rutinar for samtaler med deltakar, både i forkant av og undervegs i kartlegging og programtid. Flyktningkoordinator arbeider saman med deltakar for å finne realistiske mål for og innhald i introduksjonsprogrammet. Dette kjem fram i integreringsplanane ved at deltakars ønsker og interesser er referert og lagt vekt på.

Intervju med både deltakare og dei tilsette beskriv at utarbeidinga av sluttmaal skjer gjennom dialog og at deltakarane involverast i prosessen. Deltakars ønsker, utdanning og kompetanse tas i betraktning, og deltakar har reell moglegheit til å medverke.

Statsforvaltaren konkluderer på bakgrunn av dette med at kommunen sørger for at deltakarane har reell moglegheit til å medverke til utarbeidinga av integreringsplanen.

3.2.4 Er integreringsplanen vedtatt samtidig med vedtak om deltaking i introduksjonsprogram?

I innsendte integreringsplanar og vedtak om deltaking i introduksjonsprogram, er tre av fem vedtak om introduksjonsprogram fatta før vedtak om integreringsplan. I dei to siste sakene er vedtak om deltaking i introduksjonsprogram og integreringsplan vedtatt samtidig.

I intervju kom det fram at kommunen har endra praksis etter at dei vart merksame på kravet om samtidigheit frå ein annan kommune som har hatt tilsyn på same tema. Vi ser at kommunen har endra retningslinjene sine og at det i dei to siste sakane vart fatta vedtak om deltaking i introduksjonsprogram og integreringsplan samtidig. Vår vurdering er ut frå dette at praksis er endra slik at den nå er i tråd med gjeldande regelverk.

Statsforvaltaren vurderer det som positivt at kommunen sjølv har identifisert utfordringar knytt til samtidige vedtak, og at det er satt i verk tiltak for å endre eigen praksis. Både intervju og nye vedtak viser at kommunen har etablert ein ny praksis der integreringsplanen blir vedtatt samtidig som vedtak om deltaking i introduksjonsprogrammet. Vi vil likevel peike på viktigheita av å følge opp ny praksis med rutinar og retningslinjer for å sikre vidare regeletterleving.

Statsforvaltaren konkluderer med at Bykle kommune fattar vedtak om integreringsplan samtidig med vedtak om deltaking i introduksjonsprogram.

3.2.5 Er integreringsplanen vedtatt innan tre månader frå deltakaren blei boset eller framsette krav om deltaking i introduksjonsprogrammet?

Kommunens innsendte kontrollplan for introduksjonsprogrammet viser til reglane om at det skal gjerast vedtak om integreringsplan samtidig som vedtak om deltaking i introduksjonsprogrammet, og at dette skal fattast snarast mogleg eller innan tre månader etter busetting eller framsett krav. Av sakene vi har fått tilsendt er fire av fem integreringsplanar vedtatt innan fristen.

I intervju kjem det fram at kommunen arbeider for å fatte vedtak tidlegast mogleg, men at dei i nokre tilfelle "bruker" tremånadsfristen når busetting skjer rett før skulens sommarferie. I desse tilfella vurderer kommunen at deltakar vil få meir ut av programmet ved å vente til hausten slik at vedkommande kan starte med norskopplæring.

Som omtalt ovanfor har kommunen endra praksisen sin med tanke på når vedtak om integreringsplan fattast. Statsforvaltaren ser det som svært positivt at kommunen har gjort ei praksisendring som inneber at lovkravet for frist for fastsetting av slutt mål overhaldast.

Statsforvaltaren konkluderer med at Bykle kommune fattar vedtak om integreringsplan innan tre månader frå deltakaren blei busett eller framsette krav om deltaking i introduksjonsprogrammet.

3.2.6 Inneheld integreringsplanen ei grunngjeving som viser reglane integreringsplanen byggjer på?

Integreringsplanane som er sendt inn som dokumentasjon i tilsynet inneheld ei grunngjeving som viser til reglane integreringsplanen byggjer på. Integreringsplanane viser gjennomgåande til riktig lovheimel som er lagt til grunn for planen.

Statsforvaltaren vurderer at innsendte integreringsplanar dokumenterer ein praksis der kommunen utarbeider integreringsplanar som inneheld ei grunngjeving som viser til reglane integreringsplanen byggjer på.

Statsforvaltaren konkluderer med at integreringsplanane inneheld ei grunngjeving som viser til reglane integreringsplanen byggjer på.

3.2.7 Inneheld integreringsplanen ei grunngjeving som viser dei faktiske forholda som er lagt til grunn?

Vi ser gjennom innsendt dokumentasjon at kommunen bruker IMDis malar for integreringsplanar. Malane legg opp til at nødvendig informasjon skal fyllast ut, og alle planane inneheld noko informasjon om deltakarens alder, utdanning, arbeidserfaring og interesser. Det er likevel vanskeleg å lese ut frå integreringsplanen kva kommunen har lagt til grunn som faktiske forhold for integreringsplanen. Fleire av rubrikkane er fylt ut stikkordsmessig, og det er vanskeleg å forstå kva det betyr for fastsettinga av sluttmålet. Vidare er ikkje malane tilpassa den enkelte. All maltekst er tatt med, det same gjeld hjelpetekstane. Det er difor vanskeleg å lese kva som gjeld deltakaren og kva som er generell informasjon.

I intervjuet kom det fram at flyktningkoordinatorane tar utgangspunkt i deltakars utdanning, yrkesbakgrunn, interesser og ønsker når dei skal fastsette eit sluttmål. Dette fortel både deltakarar og tilsette. Flyktningkoordinator opplyser vidare at dei ikkje har vore bevisste på at dette skal komme klart fram i integreringsplanane. Dei har gjerne fylt ut rubrikkane som er relevante, men dei har ikkje tilpassa malen for den enkelte ved å ta bort rubrikkar og maltekst som ikkje er relevant mv.

Når det er uklart kva faktisk grunnlag som er lagt til grunn for vedtaket, og kva som er lagt vekt på, samtidig som at sluttmåla er svært lite konkrete er det vanskeleg å lese ut frå planen kva for retning introduksjonsprogrammet skal ha.

Statsforvaltaren konkluderer med at integreringsplanane ikkje inneheld ei grunngjeving som viser til de faktiske forholda som er lagt til grunn for vedtaket.

4 Pålegg om retting

Vi har funne at Bykle kommune ikkje har ein praksis i tråd med regelverket på alle områder som vi har undersøkt i tilsynet. Kommunen er ansvarleg for at tilbodet etter integreringslova kapittel 3 til 6 er i samsvar med regelverket. Vi gir pålegg om å rette desse forholda, jf. integreringslova § 48, jf. kommunelova § 30-4:

Kommunen skal sette eit sluttmål for deltakinga til den enkelte i introduksjonsprogrammet, jf. integreringsloven § 13.

Kommunen sett sluttmål i samsvar med deltakars alder og utdanningsnivå, men må sikre at sluttmålet er individuelt for den enkelte deltakar. Dette inneber at sluttmålet er konkret og tilpassa den enkelte deltakar, inkludert at det er sett hen til deltakarens interesser og motivasjon.

Kommunen skal sørge for at integreringsplanen er i samsvar med forvaltningslovas sine regler om enkeltvedtak, jf. integreringslova § 46 andre ledd bokstav c, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25.

Dette inneber at kommunens grunngjevinga nemner dei faktiske forholda som vedtaket bygger på.

5 Oppfølging av pålegg om retting

Kommunen skal straks iverksette tiltak for å rette brot på regelverket. Når de har retta forholda som ligg til grunn for pålegga om retting, skal dykk erklære at retting er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta. **Fristen er 15. desember 2025.** Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

6 Kommunen kan klage på pålegg om retting

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket. Dersom de ønsker å klage, må de gjere det innan tre uker. Fristen gjeld frå de har fått beskjed om at brevet er har kome fram, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen skal sendast til oss. Vi har høve til å endre vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen vidare til Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, som avgjer saka. I forvaltningslova § 32 kan de lese korleis klagen skal utformast.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjort av Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saka og har rett til innsyn i dokumenta i saka, jf. forvaltningsloven § 18.